

Eldar Heide og Jon Godal

Gammalnorsk handrif på skip - «Hand-rev» eller «rekkverk»



Særtrykk av
NORSK SJØFARTSMUSEUM
Årbok 2000

Norsk sjefartsmuseum. Årbok 2000.
2001

GAMMALNORSK HANDRIF PÅ SKIP – «HAND-REV» ELLER «REKKVERK»

ELDAR HEIDE OG JON GODAL

I saga om Olav den heilage (*Óláfs saga ins helga*) går det fram at det var noko på skip som heitte *handrif*. Ordet er ikkje nemnt andre stader i samband med skip. Det blir vanlegvis tolka som 'hand-rev', altså noko til å krympe segl med. I denne artikkelen skal vi drøfte korleis *handrif* kan tolkast. Vi føreslår at det ikkje har noko med seglet å gjera, men er eit slag laust rekkverk. Vi baserer drøftinga fyrst og fremst på skipsopplysningar i skriftlege kjelder frå 1200-1300-talet og på tilgjengelege opplysningar om vestnorske råbåtar frå nyare tid. Vi går ut frå at skipsskiltringane i Soga om Olav den heilage reflekterer skipsbunaden på 1200-talet, da saga vart skriven, snarare enn på fyrstninga av 1000-talet, da hendingane skal ha skjedd. – I den vestnorske råbåttradisjonen, som står den maritime, nordiske mellomaldertradisjonen nærast, heiter "rev" *syfte*, n., eller *søft(e)*. Vi held oss likevel, stort sett, til nemninga rev, sidan den er best kjend og for å ikkje blande i hop det gammalnorske *svipt*- og det nynorske *syft*-. Språkleg tilsvarer desse orda kvarandre, men ikkje alltid i innhald. Vi brukar elles "vestnorsk" i tydinga 'frå vestkysten av Noreg', altså om både Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg.


Forfatterens adresse:
Eldar Heide
Rektor Steens gt. 30
9008 Tromsø

Den aktuelle tekststaden er slik:

Tómásmessu fyrir jól þegar í dagan tók konungr út ór hǫfninni [Eikundasund]. Var þá allgóðr byrr ok heldr hvass. Sigldi hann þá norðr fyrir Jaðar. Var veðr vátt ok mjörkvaflaug nokkur. Þegar fór njósni it öfra um Jaðar, er konungr sigldi hit ytra. En er Erlingr varð þess varr, at konungr sigldi austan, þá lét hann blása liði sínu ǫllu til skipanna. Dreif þá fólk allt á skipin ok bjósk til bardaga. En skip konungs bar skjótt at norðr um Jaðar. þá stefndi hann innleið, ætlaði svá ferð sína at fara í fjörðu inn ok fá sér þar lið ok fé. Erlingr sigldi eptir honum ok hafði her manns ok fjölda skipa. Váru skip þeira ǫrskreið er þeir höfðu ekki á nema menn ok vápn. Gekk þá skeiðin Erlings miklu meira en þinnur skipin. þá lét hann hefла seglit ok beið liðs síns. þá sá Óláfr konungr, at þeir Erlingr sóttu eptir mjök, því at skip konungs váru sett mjök ok sollin, er þau höfðu flotit á sæ allt sumarit ok um haustit ok vetrinn þar til. Hann sá, at liðsmunr mikill mundi vera, ef mœtti ǫllu í senn liði Erlings. þá lét hann kalla skip frá skipi at menn skyldu síga láta seglin ok heldr seint, en **svipta af handrifi** ok var svá gǫrt. þeir Erlingr fundu þat. þá kallaði Erlingr ok hét á lið sitt, bað þá sigla meira. "Sé þér," segir hann, "at nú lægir seglin þeira ok draga þeir undan oss." Lét hann þá hleypa ór heflunum segli á skeiðinni. Gekk hón fram brátt. (*Heimskringla* II:312-313, utheva her)

175. Tomasmesse före jul [21. desember] la kongen ut or hamna [Eigersund]. Dei hadde god b r, men noko kvass, og segla nordetter langs J ren. Det var v tt i veret og drivskodde.

Det gjekk straks bod landevegen over J ren da kongen segla utanfor, og da Erling fekk vite at kongen segla vestetter, let han bl se heile h eren om bord. No dreiv heile mannskapet om bord og laga seg til slag. Men det bar fort nordetter framom J ren med kongsskipa, og da tok Olav den indre leia og var meint p    fare inn i fjordane og f  seg folk og pengar der. Erling Skjalgsson segla etter han med ein stor h er og mange skip. Skipa deira gjekk sn gt, for dei hadde ikkje anna om bord enn folk og v pen, men skipet til Erling gjekk mykje sn ggare enn dei andre. Da let han ta rev i seglet og vente p  fl ten sin. Da s g kong Olav at skipa til Erling hala fort inn p  han, for kongens skip hadde lege i vatnet heile sommaren og hausten, og vinteren attp , like til da. Han s g at det vart stor overmakt om dei m tte heile fl ten til Erling p  ein gong. Derfor let han rope fr  skip til skip at dei skulle la segla sige sm tt og **ta inn rev**, og dei s  gjorde. Da Erling merka dette, ropa han til mannskapet sitt og bad dei gje p  og segle: "De ser," sa han, "at segla deira st r l gare, og at dei halar unna." Da let han stikke ut reva p  skipet sitt, og da gjekk det snart ifr  dei andre skipa. (H dnebo og Mager y 1990 2:66, utheva her)



Situasjonen er altså at kongen vil lure Erling til å tru at kongsfløten seglar frå fløten til Erling. Kongen vil lokke Erling til å segle på alt han kan for å ta att kongsfløten, slik at Erling ikkje får hjelp frå sine. Dette får kongen til med å sleppe ned segla på skipa sine litt og litt. Da ser det på avstand ut som når skip seglar bort; dei blir lægre og lægre p. g. a. jordkrumminga dei "forsvinn bak". Det er kanskje tvilsamt om dette verkeleg kan ha skjedd. Men det styrker truverd det at det skal ha vori drivskodde, for avstandar verkar større i dimt ver. Og når kongsfløten like etter seglar bak ei øy og kjem ut or syne for Erling, treng ikkje kongen lure Erling anna enn på lang avstand. Ei god historie er det i alle fall. Poenget er òg brukt i ei islendingsoge. Der skal knepet ha vorti brukt på Island, i halvmørker og måneskin. (*Króka-Refs saga*:150)

Figur 1.
Nordlandsåtttrinn frå ikring
1800, med handsyfte i seglet.
Frå Færøyvik 1987:64.

I denne artikkelen vil vi drøfte kva det vil seia å *svipta af handrifi*, og dimesd kva *handrif* er. Hjalmar Falk har problem med å få plassert *handrif* i sitt grunnleggjande verk *Altnordisches Seewesen* frå 1912 (jf. Falk 1995). Fyrst reknar han det som = *hefilskaft* (*skapt* = 'skaft'), som vart brukt til å rykke ned att seglet med når det var heist opp til råa med tau kalla *heflar* (nærare om dette s. 9). Dei brukte å ta i hop og pakke seglet på den måten (med råa oppe), og metoden kunne òg til ein viss grad brukast til å krympe segl med (Erling gjer slik når han vil vente på fløten sin i sitatet ovanfor. Omsetjinga "ta rev i seglet" dekkjer dårleg). Men denne tolkinga av *handrif* går Falk seinare bort frå, i ei retting sist i artikkelen sin. Han seier: "Der Zusammenhang deutet darauf, daß von einer vertikalen Einkneifung oder Verengung des Segels die Rede ist, einem zwar für die altnordische Zeit unbezeugten, aber jetzt in Norwegen gebräuchlich Vorgang. Wie die dazu dienenden Bänder *handsyfte* heißen [...], so scheint *handrif* das vertikale Reff bezeichnet zu haben: *svipta af handrifi* = ein Vertikalreff einbinden" (Falk 1912:118, jf. 68). Det er ikkje heilt klårt kva Falk meiner med dette. Bertil Sandahl forstår det slik at å *svipta af handrifi* skal vera å knipe av seglet på midten slik at det blir sjåande ut som eit timeglas, og stiller seg bak den tolkinga (Sandahl 1958:89-90). Slik oppfattar ikkje vi Falk, for ein slik revingsmåte er ikkje kjend i Norden, korkje i gammal eller ny tid, og Falk sitt argument er nettopp at den revingsmåten han meiner, er brukt i nyare norsk tradisjon. Vi går difor ut frå at Falk meiner at *handrif* = *handsyfte*, som han nemner, og som er kjent frå nordlandsbåtar (der: *handsøfte*) fram til andre halvdel av 1800-talet (jf. t. d. Diriks 1863:351), lenger på møre- og nordfjordsbåtar. Det er hemper eller band festa eit stykke inne på seglet, berre på baksida av det, jf. figur 1. Med dei kan halskaren dra buken mellombels ut or fremre delen av seglet, slik at vindpresset i seglet blir mindre, t.d. i rossene. Bakgrunnen for at Falk tolkar *handrif*-som 'handsyfte', er truleg at han analyserer *handrifi* som *hand-* + *rifi*, dativ av *rif* n. 'rev', og at handsyftet er det einaste "handrevet" som er kjent.

Falk ser det som eit argument mot tolkinga *handrif* = 'handsyfte' at noko slikt som handsyfte ikkje er kjent frå gammalnordisk tradisjon. Det gjer ikkje vi, for etter etymologien vart verbet *svipta*, som er det norrøne verbet for å "reve", opphavleg brukt om handsyfte. Etter *Fritzner* kan dette verbet ha tre tydingar:

- 1 'kaste, slynge, rive noget bort fra dets Sted, udaf dets Stilling [...]'.
- 2 'især om at tage Seil ned eller sammen, minske Seil, reve [...]'
- 3 'berøve en noget, skille ham af dermed [...]'

Den siste tydinga ser vi bort frå her, sidan den blir brukt om å ta noko frå ein *person*. Av tydingane 1. og 2., er 1. etter alt å døme primær, og 2. avleidd av den. Det betyr i så fall at den opphavlege måten å *svipta* på var å "kaste, slyn-

ge, rive noget bort fra dets Sted, udaf dets Stilling". Betre kan ein knapt fork-
lare korleis handsyfta på nyare vestnorske båtar vart brukte, og difor reknar vi
med at å *svipta* fyrst vart brukt om å minske vindpresset med handsyfte.¹
Likevel er det etter vårt skjøn to vanskar med å tolke *handrif* som *handsyfte*.
Den fyrste er at det gjev dårleg meining i samanhengen. Kongen er ute etter
å få det til å sjå ut som skipa og segla ligg lægre (i høve til den synsrande
Erling ser). Men vi kan ikkje sjå at handsyfte kan hjelpe med dette, for når ein
dreg i handsyftet, *lægger ein ikkje seglet*. Den andre vansken er at normal
handsyftebruk er brå og mellombels (oftast berre i rossene), medan kong Olav
treng noko varig som går umerkande seint.

I kommentaren til tekstutgåva vi siterte frå ovanfor, forklarar Bjarni
Aðalbjarnarson *svipta af handrif* som å "rifa seglin [að neðan] (sem því
svaraði, er þau voru látin síga?)", 'reve segla [nedantil] (tilsvarande det dei
vart sleppte ned?)' (Bjarni Aðalbjarnarson 1945:313). Denne tolkinga følgjer
omsetjarane i den siterte omsetjinga, når dei omset *svipta af handrif* med å 'ta
inn rev', altså å *reve* (*seglet*). Denne forklaringa kan verke god ved fyrste
augnekastet, for både *svipta* og *handrif* kan sjå ut til å ha med reving å gjera,
dersom ein oppfattar *handrif* som 'hand-rev'. Verbet *svipta* vart brukt om å 'ta
rev', eller å ta *syfte*, n., som det heiter på nyare tids vestnorske råbåtar.
Svipt(-), stammen i *svipta*, er opphavet til ordet syfte. Grunntydinga av å *svip-*
ta er rett nok ikkje å 'ta syfte', men å 'kaste, slynge, rive noget bort fra dets
Sted, udaf dets Stilling [...]' (Fritzner). Men det treng ikkje tala imot at *svip-*
ta her tyder 'ta syfte', for ein gammal type syfte var slik at dei med snorer
heiste (rykte) underdelen av seglet opp og innåt resten av seglet (sjå fotnote

¹ Likevel ser det ut til å *svipta segli* i høgmellomalderen ikkje vart brukt om det, men om det same
som å ta *syfte* på nyare vestnorske råbåtar, forklart på s. 8. Ei formulering som denne tyder på
det: *Helgi bað þá eigi svipta seglunum, heldr setja hvert herra en áðr* (sitert frå Falk 1912:69),
'Helge bað dei [om å] ikkje *svipta* segla, men setja kvart eit [segl] høgare enn før'. Å *svipta* segla
fører altså til at dei blir ståande lægre, noko som høver på å ta *syfte* på vanleg vis, men ikkje på
å ta vind ut av segla med *handsyfte*. Dimed ser det ut til at å *svipta segli* i høgmellomalderen vart
brukt om noko heilt anna enn det vart opphavleg. Eit tilsvarende sprik finn vi på nyare vestnorske
båtar, der *syfte* kunne brukast om to heilt ulike ting: *Handsyfte* ein rykte seglet ut av stilling med
og *syfte* som ein knytte opp seglet med. Felles for dei er berre at band blir brukte til å minske vin-
dpresset med. Dette kan verke snodig, men eit sannsynleg overgangssteg mellom dei to *syfte*-
typane er kjent. Det finn vi i seglet på ein islandsk *tólfæringur* ('tolv-æring') frå 1704. Der sit det
rader med lykkjer der vestnorske råbåtar har syfteband. Frå underkanten av seglet går det eit
snøre, opp gjennom lykkja nærast halsen i underste lykkjerad, og ned i nevane til halskaren
(Teikning hos Lúðvík Kristjánsson 1982:96). Når han dreg i snøret, dreg han dimed underdelen
av seglet opp mot lykkja, og minskar seglflata om lag slik ein gjer når ein tek undersyftet på ein
norsk råbåt, men raskare, og berre i halsen (altså ikkje i heile underdelen av seglet). I dette sys-
temet gjer halskaren om lag det same som med det (sannsynlegvis) opphavlege handsyftet: Han
rykker i eit syfteband, og minskar vindpresset med det. Men samstundes blir syftebandet brukt til
å heise underdelen av seglet opp mot resten av seglet og slik minske seglarealet, slik som på det
vanlege, nyare syftesystemet.

1). I den aktuelle situasjonen skulle det gje god meining at dei heiste opp drog i hop underdelen av seglet etter kvart som segla vart sleppte ned.

Vi ser likevel fleire vanskar med å lesa *svipta af handrifi* som å 'ta rev'. De eine er at det er problematisk å oppfatte *handrif* som 'rev', slik ein må dersom *svipta af handrifi* skal tyde 'ta (inn) rev'. Det er berre kjent éin type "handrev nemleg *handsyftet*", og det er ikkje noko rev i eigentleg forstand. Ein kan ikkje "ta (inn) eit handsyfte", for handsyftet blir ikkje brukt til å minske seglflat med, det blir berre brukt til å dra buken ut or seglet slik at vinden får mindre tak i det. Skal ein likevel oppfatte *svipta af handrifi* som å 'ta (inn) rev', må ein da leggja vekt på *-rif*, og oppfatte *handrif* som 'vanleg rev', men da bli førelekkjen i ordet, *hand-*, uforklart.

Om vi likevel godtek at *handrif* er 'rev', så er det grammatiske vanskar med å lesa *svipta af handrifi* som å 'ta rev'. For å vise det, går vi gjennom de lesemåtene som formelt er mogelege og ser kva meining vi får da, med tydinga 'handrev' av *handrif*. Som nemnt, er *handrifi* ei dativform. Formelt kan dativforma komma av både verbet *svipta* og preposisjonen *af*; dei styrer begge dativ. Verbet *svipta* kan stå utan objekt (jf. døme hos Falk 1912:69). På bakgrunn av dette, kan *svipta af handrifi* analyserast slik:

1. *svipta + af handrifi*

eller slik:

2. *svipta handrifi + af* [noko underforstått]

Eit slikt underforstått setningsledd som 2. føreset, er heilt normalt på gammalnorsk. Tidlegare i Soga om Olav den heilage, står t.d. denne setninga, on ein kar som seglar frå Noreg til Grønland: *Hann sigldi fyrir sunnan Ísland og hafði vita af ok svá vestr um landit í Grænlandshaf* (*Heimskringla* II:127). Bokstavleg kan dette omsetjast slik: 'Han segla sør for Island og hadde kjening av [landet] og så vest om landet [og ut] i Grønlandshavet'. Her er substantivet som preposisjonen *af* styrer (nemleg "landet"), underforstått, net slik ein kan tenkje seg i 2. Jf. for øvrig Nygaard § 26 (Nygaard 1966:20). - Som vi hugsar, kan verbet *svipta* på skip i prinsippet tyde to ting:

a 'kaste, slynge, rive noget bort fra dets Sted, udaf dets Stilling [...]'.
b 'især om at tage Seil ned eller sammen, minske Seil, reve [...]'

Med dei tydingane, får vi (dersom vi føreset at *handrif* tyder 'handrev') desse formelt mogelege måtene å lesa *svipta af handrifi* på:

1. a. 'ta bort + av handrevet'

1. b. 'reve + av handrevet'

2. a. 'ta bort handrevet + av [noko underforstått]'

2. b. 'reve handrevet + av [noko underforstått]'

opp /

v'. Den
lersom
ndrev",
n ikkje
glflata
nindre
v', må
da blir

ir med
m dei
tydin-
lt kan
begge
å bak-

gam-
a, om
nd og
:127).
kjen-
: sub-
, nett
20). –

.J'.

desse

Etter vårt skjønn er det berre 2. a. som – med ein viktig føresetnad – kan gje ei viss meining i den aktuelle samanhengen. 1. a. skulle generelt tyde at noko skulle takast bort frå handrevet. Men kva skulle det vera? Og kva skulle poenget vera med det? 1. b. skulle tyde noko slikt som at revinga dreidde seg om å ta noko *av* handrevet. Men kva slag reving skulle det vera? Ein slik revingsmåte er ukjend, og vi kan ikkje sjå korleis han skulle fungert. 2. b. er meiningslaus fordi ein ikkje revar rev; det er segl ein revar. Slik var målbruken òg på gammalnorsk, er det likt til. Det er fleire stader snakk om å *svipta ta segli* (nokre døme hos Falk 1912:68-69), men aldri om å **svipta rifs*. Ein stad er *svipta* og *rif* brukte i lag, da heiter det *svipta* [...] *til eins rifs* (1912:69), '[dei] tek rev til berre éi tverrbreidd av seglet er att (dvs. alle reva er tekne)³. Lesemåte 2. a. kan gje meining *dersom dei hadde bonettar* på segla i den tida. Jektene i nyare tid hadde bonettar. Det var undersegl, lause tverrbreiddar av seglet, knytte på under seglet og tekne heilt av når ein ville krympe segl⁴. Jektesegla i figur 2 har bonettar (jf. òg Godal og Eldjarn 1988-1990 I:247-249). Dersom skipa til kong Olav hadde bonettar i segla, kunne å *svipta af handrif* kanskje lesast som å 'ta bort handrevet av [seglet]'. Men det er svært tvilsamt om dei hadde bonettar i Norden på den tida Heimskringla er frå. Dei meiner soga er skriven ikring 1230 (Simek og Hermann Pálsson 1987, under *Heimskringla*), og at den bevarte versjonen er frå ikring 1250 (ibid, under *Kringla*). Den eldste opplysninga om bonettar i Norden skal vera mesta 90 år yngre enn det, frå 1337 (Falk 1912:64). Vanleg oppfatning er at bruken av bonettar kom frå Sør-Europa (jf. det franske namnet), og kom i bruk i England på midten av 1300-talet (Sandahl 1958:23-24). Vi meiner ein kan rekne med at bonettar kom i vanleg bruk her om lag samstundes. Mot bonettar på midten av 1200-talet talar òg det at folk etter alt å døme brukte to slag oppheisingsrevsystem på den tida. Det eine er den typen vestnorske råbåtar frå nyare tid har. På segla deira er det tverrgåande rader med lisser, *syfteband*, som går gjennom seglet (sjå figur 3). Når ein vil *ta eit syfte*, set ein seglet (lægjer det) tilsvarende eit syfte (ei tverrbreidd av det), før ein lyfter opp syftet (tverrbreiddstripa) og knyter det innåt resten av seglet med syftebanda (Den enden av eit syfteband som heng på framsida av seglet, knyter ein da fast i den enden som heng på baksida). Resultatet blir at seglflata blir mindre og at seglet ikkje når så høgt som før. Vi går ut frå at mannskapet til kong Olav "tok inn slakken" på dei lægde segla på denne måten da dei skulle lure Erling Skjalgson. Det er fyrst og fremst to ting som fortel at dei brukte dette systemet i høgmellomalderen. Den eine er at bilete frå den tida tydeleg viser skip med syfteband i seglet. Eitt døme på det er byseglet til Bergen frå 1299 (bilete i Færøyvik 1987:48), eit anna er eit kalkmålarstykke av eit leidangsskip i

² Her har vi omsett gammalnorsk ubunden form med nynorsk bunden form. Det er ofte rettast, for bunden form generelt vart mykje mindre brukt på gammalnorsk enn på nynorsk.

Skamstrup kyrkje i Danmark frå 1300-talet, sjå figur 3. Den andre er at vi har opplysningar om eit ord *sviptingr*, m. (også *sviptungr*), som ser ut til å vera = syfteband (og som etter alminneleg meining blir rekna som det, Falk 1912:68-69, Andersen og Andersen 1989:350). Det er ikkje så mange opplysningar vi har om dette ordet (Vi går ut frå at Falk har funni alle belegga), men alle stør koplinga av *sviptingar* og syfteband. Det språklege sambandet kan nemnast fyrst: *syft*- kjem av *svipt*-. Vidare høver opplysningane i Kongsspegelen på syfteband. Der står *sviptingar* nemnt blant det som er viktig å ha med seg til seglreparasjon: Vadsmål til seglbøter, mange nåler, rikeleg med tråd, og *sviptingar* (*Konungs skuggsjá*:6). Ei opplysning i Frostatingslova (7-4, *Norges gamle Love* I:199) om bøter for inntil seks *sviptingar* som bøndene ikkje skaffa til leidangsskip, stemmer òg med at *sviptingar* har med syfteband å gjera. For det var ingen andre tau det vart brukt så mange av i seglet eller riggen⁵. Den andre typen oppheisingsrevsystem var eit slag "persiennesystem". Med *heflar* (fleirtal av *hefill*, m.) 'hevarar', kunne dei heise seglet opp mot råa (døme hos Falk 1912:67-68), anten for å pakke det, eller berre for å krympe segl (slik Erling Skjalgson gjer i sogesitatet). Jf. *hefilskaft* på s. 4.


Vi vil oppsummere resultatet av drøftinga så langt slik:

- 1 Det høver dårleg i samanhengen at *handrif* skal vera 'handsyfte', slik Falk føreslår. Dreg ein i eit handsyfte, så dreg ein berre buken ut or seglet, utan å påverke inntrykket av kor lågt skipet ligg.
- 2 Det er problematisk å oppfatte *handrif* som 'rev', slik ein må dersom *svipta af handrif* skal tyde 'ta (inn) rev'. Det einaste kjende "handrevet", *handsyftet*, er ikkje noko rev, og legg ein av den grunn vekt på *-rif*, så blir *hand-* uforklart.
- 3 Sjølv om vi godtek av *handrif* tyder 'handrev' eller generelt 'rev', så klarer vi ikkje å finne nokon lese måte som lèt *svipta af handrif* tyde 'ta rev'.

På bakgrunn av dette meiner vi det er tvilsamt at *handrif* tyder 'handrev' eller at det har noko med reving å gjera i det heile. Da ligg det nær å spørja om det finst eit ord *handrif* med kjend tyding som kan gje meining i samanhengen. Det gjer det. *Handrif*, n., står i Kongsspegelen (*Konungs skuggsjá*:62) i tydinga 'rekkverk' (på ein særskild type "stigar" på hjul, brukte til storming av

³ Vår omsetjing. Vi stør ho på denne setninga: *Var veðrit svá hart, at þeir sigldu með eitt rif í miðju tré* (sitert hos Falk 1912:69), 'veret var så hardt at dei segla med eitt rif i midten av mastra'. Her ser det ut til at når ein hadde *eitt rif*, da hadde ein ikkje teki berre eitt rev, men mange. Da medar eittalet helst på den eine seglstripa ein hadde att.

⁴ Å krympe segl på den måten heiter å *svikte* (Godal og Eldjam 1988-1990 I:248 og IV:190). Ordet er lånt frå nederlandsk *zwichten* eller lågtysk *swichten*, som er same ordet som *svipta* (Torp 1992, under *svift*). Kan hende er dei lågtyske og nederlandske formene lånte frå norrønt.



Figur 2.
Nordlandsjekt med rekke,
omstødingar og settboard.
Bilete i eiga til Bergens
sjøfartsmuseum. Frå Godal og
Eldjarn 1988-1990 I:237.

Skal ein kunne godta denne tolkinga, så må det ha vori vanleg med noko slag lause rekkverk på skipa i høgmellomalderen, og det er det likt til at det var. I fleire soger er det nemnt at dei på krigsskipa, helst i strid, forsterka rekka med eit slag brystvern kalla *víggyrðlar* (fleirtalsnemning), i eintal *víggyrðill*, m. Sverresoga skildrar korleis birkebeinane laga slike føre slaget ved Fimreite: *Tóku þá reksauminn þann er konungr hafði fengit þeim ok festu svarðlykkjur allt innan í bordunum. Settu þar í stuðla ok festu þar við víggyrðlana* (Sverris saga:95, normalisert her), 'Dei tok da den saumen som kongen hadde gjevi dei og festa lykkjer av kvalrosshud innan i skipsborda. Der sette dei stavar (*omstødingar*, sjå nedanfor) og festa *víggyrðlarnir* i dei' (vår omsetjing). At *víggyrðlarnir* greitt kunne takast av, går fram av Soga om Harald Sigurdson, der kong Harald lét *víggyrðlar* kaste over bord ein gong han har fløten til danskekongen etter seg (*Haraldar saga Sigurðarsonar, Heimskringla* III:117). Handelsskipa hadde ein liknande innretning til vern mot brottsjóar, ser det ut til. Dei vart vanlegvis kalla *vígi*, n., men stundom *víggyrðlar*, som på krigsskipa (Falk 1912:13), og stundom sólborð eller sólbyrði (ibid:19, 54, jf. Fritzner og Lexicon poeticum). Dei var ikkje betre festa til skipa enn at fleire soger fortel korleis *vígin* eller sólbyrðin på eit skip vart slegne laus av ein brottsjø (Falk 1912:13, 84). I Den eldre bjarkøyretten står det at éin av fire måtar å tinge seg skipsfar (på handelsskip) på var å ta med seg *víggyrðill*-en sin (+ noko som er borte i handskrifta) om bord (*Norges gamle Love* I:335). Det tyder på at desse innretningane var så provisoriske at dei vart sette opp til kvar ferd og at kvar ferdamann sette opp sin eigen stubb i sitt rom. På store skip er kanskje det ein grei måte å gjera det på?

Det ser ut til at det var klår skilnad mellom den typen som vart brukt på handelsskip og den som vart brukt på krigsskip. For i éi soge står at dei kunne få handelsskip til å sjå ut som krigsskip om dei tok av *vígin* (sitert hos Falk 1912:14). Det franske ordet *vibord*, 'forte planche qui borde le pont supérieur d'un navire et lui sert de parapet' (Falk 1912:14), dvs. eit slag skansekleddningsbord på midtdekket på skip, tyder på at *víggyrðill* også kunne heite **vígborð* på norrønt. *Vibord* var uforklart til Falk sette det i samband med *víg*, skriv han (ibid), og det er jo velkjent at mykje i fransk skipsterminologi er lån frå nordisk i vikingtida og mellomalderen.

Også vestnorske båtar og jekter frå nyare tid har meir eller mindre faste påbyggingar oppå det øvste faste bordet (ripa/vaterbordet). Jektene på 1800-talet hadde ofte to høgder av slike. Oppå vaterbordet var det ei halvfast *rekke* kledd med bord midtskips, sjå figur 2. Oppå der att, var det gjerne ein lett-konstruksjon av ståande *omstødingar* (Heltzen 1981?:191) og liggjande *sett-bord* som skulle halde lasta tørr og på plass, sjå figur 2. Denne konstruksjonen vart rigga til for kvar lasting. Legg merke til likskapen mellom ordet *omstødingar* og det gammalnorske *stuðlar*, som vart brukt om stavane med same funksjonen (sitatet frå Sverresoga ovanfor). – Mot skvett har nordlands- og åfjordsbåtane midtskips *skvettbord* eller *lausriper* som kan takast av (figur 4). På den gamle nordlandsbåttypen kunne dette heite skvettvi (Diriks 1863:350, Storjord 1951:16). På Nordmøre og Sunnmøre har båtane òg skvettbord; der heiter dei *dreglar* eller *driglar*, eintal *dregel*, *drigel*, m. (Færøyvik 1987:141, 149, 177). Dei når lenger fram enn skvettborda på nordafjellsbåtane, godt framom fremste keipen. På åfjordsbåtane vart det skvettbordet som var i atterskotten gjort fast og hadde ei særskild nemning: *skottreggel*, f. Jamvel om ordet er hokjønn, er sistelekken i det høgst sannsynleg det ordet *dregel* som vi kjenner frå båtane lenger sør. Når heile lengda av skvettbord kan kallast *dregel*, gjev det god meining å kalle det skvettbordet som er i skotten for *skott-dregel*. Ordet kan da normaliserast *skottdregel* (I Godal og Eldjarn 1988-1990 III og IV er det feilnormalisert *skottregle*, med falsk endevokal).

Nemninga *skvettvi* tyder på at dagens vestnorske skvettbord har ubroten tradisjon frå mellomalderen, sidan sistelekken *-vi* rimelegvis kjem av *vígi*. Dèt skulle lydrett bli **vie*, som i neste omgang lett kunne bli **vi*, særleg i samansetting. *Skvett-* kan ein tenkje seg vart lagt til som eit forklarande tillegg da det var gløymt kva eit **vie* (eller **vi*) var. Det ser òg ut til at *dregel* i tydinga 'skvettbord' er svært gammalt, for ein kan finne spor av den same bruken i islandsk. Der har ordet forma *dregill*, m. Det blir brukt om fleire ting som ikkje har noko med skvettbord å gjera, men òg om ei utvendig list som forsterkar det øvste bordet i båten (Lúðvík Kristjánsson 1982:149-150), altså det som heiter *lang(v)ise* på norsk. Det interessante er at denne lista òg kan heite *skvettlisti* og *slettlisti* (ibid:150). Bokstavleg skulle begge orda tyde "skvettlist", og det kan tyde på at lista opphavleg har vori breiare og fungert



Figur 3.
Dansk leidangsskip frå 1300-
talet, med syfteband i seglet.
Kalkmålarkunstverk frå
Skamstrup kirke i Danmark.
Frå Andersen og Andersen
1989:225.

som skvettbord. At norsk og islandsk har det same ordet om liknande ting, tyder på eit felles utgangspunkt, og dermed på at tingen er gammal. At tingen på Island truleg har fått ny funksjon, slik at berre parallelle nemningar vitnar om den opphavlege funksjonen, tyder òg på at tingen er gammal.⁶ –Vi tenkjer oss at *víggyrðlarnir*, *vígin* og *sólbyrðin/sólborðin*, og eventuelt **vígborðin*, på mellomalderskipa, har mint ein del om skvettbord og lausriper på nyare vestnorske båtar, og rekka på jektene.

Etterlekkjen i ordet *sólborð* er *borð*, n., 'bord'; og *byrði*, n., er ei avleiing av det. Førelekkjen, *sól*, kan knapt vera anna enn ordet *sól*, f., 'sol', og då skulle *sólbyrði* bokstavleg tyde 'solbord'. Nemninga kan vanskeleg komma av at "solbordet" skygger for sola, meiner Falk (1912:54), og meiner nemninga kjem av at skuggen av dette bordet viste solhøgda og dermed breiddegraden. Frå Grønland er det kjent eit døme på at breiddegraden kunne fastsetjast ut frå båtripeskuggen

inne i båten midt på dagen (Grønlands historiske Mindesmærker III:240-242, jf. Godal 1992). Falk (1912:54) meiner dette ordet er forvanska til det nyislandske *skjólborð* 'skvettbord', bokstavleg "skjulbord" (jf. Lúðvík Kristjánsson 1982:150). Noko overraskande kan *skjólborð* på nyare islandske båtar òg brukast om den nest øvste bordgangen, og *sólborð* og *sólbyrði* kan brukast om den nest, tredje og fjerde øvste bordgangen (Lúðvík Kristjánsson 1982:154-15).


Det er ikkje klårt kva *vígi* og *víggyrðill* opphavleg og bokstavleg tyder. Det som er klårt, er at *gyrðill*, etterlekkjen i *víggyrðill*, tyder 'belte'. Det er avleidd av *gjörð* f. 'gjord, band, reim ikring noko', som er brukt på norsk enno, kanskje best kjent i samansettingar som *bukgjord* (på hesteselety). Ordet *gyrðill* kan vera valt fordi *víggyrðlar* kunne gå rundt heile skipet, frå stamn til stamn

⁶ Vi trur ikkje gammalnorsk *saumdregill*, brukt i eit hardangerdiplom frå 1380 (*Diplomatarium norvegicum* III:325, brev 424), er eit skvettbord som "i Modsætning til lausrip var festet med Søm til det nedenfor liggende Bord", slik Fritzner og Falk (1912:14) meiner. Det er ingen ting i diplommet som seier at *saumdregill* har noko med båtar å gjera, det er berre nemnt blant trematerial som er betaling for eit kjøp. Ordet er brukt i nyare vestlandsk, om det same som *grindslå* (Færøyvik 1987:157, 161): 'spikarslag mellom stavane i grindnaust'. Det enklaste er å tenkje seg at det gammalnorske ordet tyder det same. At *saumdregill* er lista opp som noko anna enn *borðviðr* 'bordved', dvs. 'bord', og *fjalir* 'fjøl', høver med at det er spikarslag.

(*milli stafna*, dømme hos Falk 1912:116). I strid ville det vera nyttig med eit slikt kringgåande brystvern, medan det på handelsskip ikkje skulle vera behov for skvettbord anna enn på midten. Denne behovsskilnaden kan forklare at det i nemninga for krigsskipslausrekka ligg at ho går som eit band ikring skipet. Interessant nok har *dregel* liknande grunntydning som *gyrðill*. På gammalnorsk hadde ordet same form som på nysislandsk: *dregill* (eintal), og tydde da 'Baand, Bind i Alm[indelighed]' (*Fritzner*), og vart m.a. brukt om band til å ha rundt hovudet eller håret. Det kan stemme med *gyrðill*-forklaringa vi set fram at dei skvettborda som blir kalla dreglar (dei nordvestlandske) skil seg ut med å gå så langt fram at dei når mesta heilt rundt båtane. Dei nordafjelske skvettborda går berre fram til fremste tollegangen. Men det kan òg tenkjast at nemninga *dregel* har heilt anna opphav, at ho medar på at dreglane opphavleg var smale, som band. At dei islandske dreglane er lister, kan tyde på det. – Det vanskelegaste spørsmålet er kva *vígi* og *víg-* i *víggýrðlar* bokstavleg tyder. Når det gjeld *víggýrðill*, som fyrst og fremst blir brukt om krigsskipstypen, ligg det nær å oppfatte *víg-* som substantivet *víg* n. 'strid' eller *vígi* n. 'verjestad'. Problemet med den tolkinga er at førelekken *víg-* også finst i *vígi*, som berre handelsskip hadde. For å løyse dette problemet, føreslår Falk at *víg-* i *vígi* og *víggýrðill* opphavleg ikkje høyrer i hop med *víg* eller *vígi*, men med "d[deutsch] *Weiger* (*Wegerung*) "die Planke der Binnenwand" (fr[anzösisch] *vaigre*) zu a[lt]sächsisch *weg* "Wand"" (Falk 1912:14). Forklaringa skulle vera mogeleg, men det er litt utruleg om *víggýrðill* brukt til å verja seg bak i strid opphavleg ikkje skulle ha noko med *víg* 'strid' eller *vígi* 'verjestad' å gjera. Alternativt kunne ein tenkt seg at eit opphavleg skvettbord også vart brukt til å verja seg bak i strid, og at det difor kunne få nemninga *vígi*. Vidare kunne ein tenkt seg at skvettborda på krigsskipa vart vidareutvikla til samanhengande brystvern rundt heile skipet, og at dei difor vart kalla *víggýrðlar*, som skulle kunne tyde 'slike *vígi* som går som eit band ikring'. Det er berre det at dersom *gyrðill* vart lagt til *vígi* som eit forklarande tillegg, så skulle ein vente at resultatet vart **gyrðilvígi*, og ikkje *víggýrðill*. Jf. at ein mur som går i ein ring blir kalla ein *ringmur*, ikkje ein **mur-ring*. Så vidt vi kan skjønne, må *víg-* i *víggýrðill* og *vígi* enno stå uforklart.

Korleis det enn heng i hop med desse nemningane, verkar det klårt at både krigsskip og handelsskip i høgmellomalderen kunne ha eit slag lausrekker. Dei kan ha likna skvettborda/lausripene på nyare tids vestnorske båtar eller rekka på jektene. Det ville ikkje vera så rart om slike lausrekker kunne nemnast med ei generell nemning som *handrif* 'rekkeverk'. At dei kunne kallast både *vígi*, *víggýrðill*, *sólbord* og – truleg – **vígbord*, gjer ei slik "alternativ nemning" mindre påfallande enn om det hadde vori snakk om ein ting som vart nemnd med ei fiksert nemning (som t.d. *kjozlr* 'kjøl').

Da er vi komne til konklusjonen av drøftinga. Vi meiner det ikkje er grunnlag for å tolke *handrif* som 'handsyfte', slik Falk føreslår. Bruk av handsyfte skulle ikkje påverke inntrykket av kor lågt skipet ligg. Det synest



Figur 4.
Åfjordsfembøring frå 1885 med
lausrip. Frå Klepp 1983:34.

heller ikkje vera grunnlag for å tolke *handrif* som 'rev', av to grunnar. For det fyrste er *handsyftet*, som er det einaste kjende "handrevet", ikkje noko rev, og legg ein av den grunn vekta på *-rif*, så blir *hand-* uforklart. For det andre kan vi ikkje sjå nokon måte å lesa ordlaget *svipta af handrifi* på som lèt *handrif* tyde 'rev'. Difor meiner vi *handrif* ikkje har noko med reving eller segl å gjera (Vi avviser ikkje med di at dei hadde eit slag "handrev" i mellomalderen, tvert imot reknar vi med at dei hadde noko som likna nyare tiders handsyfte, jf. note). I staden føreslår vi at *handrif* på skip tyder det same som det gjer på land, nemleg 'rekkverk'. Det høver i samanhengen, for dersom dei tok rekkverka av skipa, så ville det gjera det same som læginga av segla: Å få det til å sjå ut som skipa ligg lægre enn dei gjer. Tolkinga høver òg med at både krigsskip og handelsskip i høg mellomalderen ofte hadde eit slag lausrekke som burde kunne kallast "rekkverk".

Handrif er eit kjent ord med ei udiskutabel tyding 'rekkverk'. Det enklaste og metodisk rettaste ville da vera å fyrst prøve å få meining i teksten med den tydinga, før ein prøver å leie ut ei ny, isolert tyding av ordet denne eine

gongen det er brukt på skip. Når det likevel er dette siste granskarane har gjort, kjem det truleg av eit samanfall av fleire ting. Ordet er nemnt i samband med læging av segl og verbet *svipta*, som blir brukt om reving, og i tillegg innbyr sjølv ordet til analysen 'hand-rev'. Alt dette styrer tankane i retning av segl og reving.



det
og
kan
trif
era
ert
jf.
på
ok
let
de
ke

ste
en
ne

Litteratur:

- Ásgeir Blöndal Magnússon, 1989: *Íslensk orðsifjabók*. Reykjavík: Orðabók Háskólans
- Andersen, Erik og Bent Andersen, 1989: *Råsejlet – Dragens Vinge*. Roskilde: Vikingeskibshallen i Roskilde
- Bjarni Aðalbjarnarson 1945: Sjá *Heimskringla* II
- Diplomatarium Norvegicum* III. Utg. Chr. C. A. Lange og Carl R. Unger. Christiania: P. T. Mallings Forlagshandel, 1855
- Diriks, C. F., 1863: "Om de forskjellige slags Baade i Norge". *Folkevennen. Et Tidsskrift udgivet af Selskabet for Folkeopplysningens Fremme*. Tolvte årgang. 310-356
- Falk, Hjalmar, 1912: "Altnordisches Seewesen". I *Wörter und Sachen* bd. 4. Heidelberg: Carl Winter. 1-121
- Falk, Hjalmar, 1995: *Fornnordisk sjöfart* ("Altnordisches Seewesen"). Översättning av Bo Varenus. Skärhamn: Båtdokgruppen, 1995
- [Fritzner]. Johan Fritzner: *Ordbog over det gamle, norske Sprog* I-III. Oslo 1973 (1. utg. 1867). Bind IV, "Rettelser og tillegg", utg. Finn Hødnebo, Oslo 1972
- Færøyvik, Øystein, 1987: *Vestlandsbåtar. Frå oselvar til sunnmørsåttring*. Norske båtar 5. "Ei bok bygd hovudsakleg på granskingsarbeid som Bernhard Færøyvik let etter seg." Oslo: Grøndahl & søn forlag A.S.
- Godal, Jon, 1992: "Omgrepa seksring og åttring i vestnorsk båttaradisjon". Norsk sjøfartsmuseum. Årsberetning 1991. 169-198
- Godal, Jon og Gunnar Eldjarn, 1988-1990: *Nordlandsbåten og Åfjordsbåten* I-IV. Dei gamle forsto mykje 1. Bind I og III: Lesja: A. Kjellands forlag. Bind II og IV: Rissa: Båttstikka D/A
- Grönlands historiske mindesmærker III. Udgivne af Det Kongelige Nordiske Oldskrift-Selskab. København: Det Brünichske Bogtrykkeri, 1845
- Heimskringla* II. Snorri Sturluson. Utg. Bjarni Aðalbjarnarson. Íslenzk fornrit 27. Reykjavík: Hið íslenzka Fornritafélag, 1945
- Heltzen, I[var] A[ncher], 181?: *Ranens Beskrivelse* 1834. Rana museums- og historielag.
- Hødnebo, Finn og Hallvard Magerøy 1990 (1979): *Noregs kongesoger* 1 og 2 (i eitt bind). 2. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget
- Konungs skuggsiá*. Utgitt for Kjeldeskriftfondet ved Ludvig Holm-Olsen. 2. reviderte opplag. Norrøne tekster 1. Oslo, 1983
- Klepp, Asbjørn*, 1983: *Nordlandsbåter og båter fra Trøndelag*. Norske båter 4. [Oslo?]: Grøndahl & søn forlag A.S.
- Króka-Refs saga*. I *Kjalnesinga saga*. Utg. Jóhannes Halldórsson. Íslenzk fornrit 14. Reykjavík: Hið íslenzka Fornritafélag, 1959. 117-160
- Lexicon poeticum antiquæ linguæ septentrionalis. Ordbog over det norsk-islandske skjaldesprog. Forfattet af Sveinbjörn Egilsson. Forøget og påny

udgivet for Det kongelige Nordiske Oldskriftselskab av Finnur Jónsson.
København: S.L. Møllers Bogtrykkeri, 1913-1916

Lúðvík Kristjánsson, 1982: *Íslenzkir sjávarhættir II*. Reykjavík: Bókaútgáfa
Menningarsjóðs

Norges gamle Love indtil 1387. Ifølge offentlig Foranstaltning og tillige med
Understøttelse af det Kongelige Norske Videnskabers Selskab udgivne ved R.
Keyser og P. A. Munch. Første Bind. Norges Love ældre end Kong Magnus
Haakonssøns Regjerings-Tiltrædelse i 1263. Christiania: Chr. Grøndahl, 1846
Nygaard, Marius, 1966: *Norrøn syntax*. 2. oplag, Oslo: H. Aschehoug & Co.
Uendra opptrykk av 1. oplag, Oslo: Aschehoug, 1906

Sandahl, Bertil, 1958: *Middle English sea terms. II. Masts, spars and sails*.
Essays and studies on English language and literature 20. Uppsala: A.-B.
Lundequistska Bokhandeln

Simek, Rudolf og Hermann Pálsson, 1987: *Lexikon der altnordischen
Literatur*. Kröners Taschenausgabe 490. Stuttgart: Kröner

Storjord, Thorbjørn, 1951: *Nordlandske fiskerbåter og nordlandsk fiskebruk*.
Terminologi fra Tysfjord. Hovudoppgåve i norsk. Oslo

Sverris saga etter Cod. AM 327 4°. Utgjevi av Den norske historiske
kildeskriftkommission ved Gustav Indrebø. Kristiania: I kommission hos
Dybwad, 1920

Torp, Alf, 1992: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Oslo: Bjørn Ringstrøms antik-
variat. Faksimile av originalen, Kristiania: Aschehoug, 1919

Aasen, Ivar, 1983: *Norsk Ordbog*. Sjette Udgave. Fotografisk opptrykk av
1873-utgåva. Oslo: Fonna forlag